



Hagetunet er eit godt eksempel på ei god løysing når det gjeld bustader i denne kategori.

**Måndag førstkommande er det eit viktig møte der temaet er:
Alderdom på ein god måte - tilrettelagde hus.
Møtet finn stad i Festsalen på Husnes kulturhus.
Det startar kl. 18 og varer i om lag 2 timar.**

I invitasjonen frå kommunen heiter det at mange eldre bur i hus som kanskje ikkje er så godt tilrettelagt med omsyn til at ein kan få sviktande helse. Eigenomsorg er viktig for å lengst mogeleg kunne klara seg sjølv i heimen sin. Derfor er det viktig å planleggja dette.

I møtet er programmet slik:

1. Føredrag med Per Olav Lillebø frå Vestbo på Stord.
2. Kommuneplanleggjar Kjartan Thoresen viser oversikt over kor i Kvinnherad ein har byggjeland.
3. Husbanken sine tilskotsordningar (bustøtte, tilretteleggingsstøtte og utbetingslån)

v/Berta Langeland og Milada Kacapor

Kristian Olav Bringdal i Uskedal Utvikling held fram at møtet er særskild viktig for oss i Uskedalen sidan vi har godt med byggjeland for tida.

Det er også viktig at vi kjem i posisjon i høve til:

- Kommunen
- Husbanken
- Brukarane

Uskedal utvikling vil vera tilstades på møtet. Det er og svært fint om utbyggjarane og andre interesserte vert med.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland